

Møtereftrat

Møte: Møte AU Midt-Norge
Tid/Sted: Måndag 24.04.17 kl 10 - kl 14.30 på Nortura Malvik
Tilstede: Lars Morten Rosmo, Olav Håkon Ulfsnes, Ragnar Valstad, Trude Sandstad Eldnes, Kolbjørn Frøseth, Johan Kristian Daling, Sverre Tyldum, Oddveig Gikling-Bjørnå og Roy Albertsen
Forfall:
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 24. april 2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Presentasjon – kven er eg Alle presenterte seg.	
2	Arbeidet i AU Midt Brit Kari orienterte om arbeidsoppgåver og forventningar, inkl Ny Giv i kretsarbeidet, ansvar for oppfølging av kretsar og etablering av ressursgrupper. Oversikt over tidlegare ressursgrupper og notat vedk arbeidet i ressursgruppene var utsendt. Forslag til fordeling av ansvarskretsar var også utsendt. Diskusjon: <ul style="list-style-type: none">• Korleis skal vi jobbe i AU internt• Korleis skal vi jobbe i AU eksternt• Fordeling av oppgåver internt i AU, adm og styret• Aktivitet i kretsane:<ul style="list-style-type: none">○ Motivering av kretstillitsvalde.○ Korleis kan lokalt tillitsvalde verte sett?○ Fordeling av ansvarskretsar• Ressursgrupper. Oppnemning i neste møte Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. Fordeling av ansvarskretsar vedtatt, jf vedlegg.	
3	Årshjul Neste møte vart drøfta, og fastsett til eit fysisk møte på Nortura Steinkjer tysdag 30. mai kl 10 – kl 15. Vidare møteplan og budsjettet for medlemsdemokrati Midt-Norge vart utsett til neste møte. Vedtak: Neste møte vert tysdag 30. mai kl 10 – kl 15 på Nortura Steinkjer	
4	Nortura meir synleg regionalt og lokalt Utsett til neste møte.	
5	Nettverk til representantane i AU Utsett til neste møte.	
6	Evaluering av RU-møtet Oppsummeringa av evalueringsskjemaene var utsendt	

Innspel/kommentarar:

- Unngå repetisjon av det som er sagt på kretsmøta, løfte fram aktuelle saker og tenke framover. Større grad av diskusjon. Kva gjer vi for å motivere kretsleiarane. Kunnskapspåfyll.
- Også på årsmøtet er det repetisjon.
- Finne ut kva som vert gjort i dei andre RU-områda.
- Noko må vi gjennom i fylgje vedtektene, men kan gjerast enklare.
- Ynskje om politisk fokus, eller frå daglegvarekjedene, Norsk Landbrukssamvirke, osv.
- Skulering på marknadsregulering viktig, stor skilnad i kunnskap.

Vedtak: AU tek evalueringa til orientering.

7 **Oppsummering årsmøtet i Nortura**

Innspel/kommentarar:

- Marknadsadgang for fjørfe, må bygge konkurransekraft for å få positivt bidrag, er rigga for eit anna volum enn det vi har no.
- Samvirkeorg må samle makt mot kjedene.
- Samspel mellom dyreslag og geografi viktig, gris og storfe i Nord-Norge viktig for å legalisere produksjon ellers i landet. Må tenke nytt om regional mat, t.d. på dielam.
- Prosjekt Landbruk 21 har storfekjøtt frå vår region under arbeid.
- Innlegga frå vår region kunne vore meir samordna, burde snakka saman tidlegare.
- Fjørfe var eit stort tema.

Vedtak: AU tek oppsummeringa til orientering.

8 **Høyring av rekrutteringsstrategi for tillitsvalde i sentrale verv**

Høyringsdokumentet var utsendt. Saka var utsett frå møte 08.03.

Innspel/kommentarar:

- Samarbeid og systematisering, også med fagлага, er positivt. Meir systematisk opplæring, m.a. på forretningsdrift viktig. Fagлага har behov for meir kunnskap om det som skjer i samvirkeorganisasjonane. Kompetanseheving viktig. Ikkje redd for at vi ikkje skal få fram nok kvinner, må berre motivere dei til å ta på seg verv. Mange kvinner er ikkje registrert, må også involverast.
- Vert færre regionvise organisasjonar for opplæring, manglar arenaer. Ekstern kompetanse kan leigast inn.
- Ingen kvinnelege RU-leiarar, få kvinnelege AU-medlemar, tilseier at det er behov for kjønnsfokus.
- Legge til rette for ynskjelege kandidatar.
- Valkomitéane må ikkje dolke kandidatar i ryggen.

Vedtak: Brit Kari samordnar innspela, og sender på høyring til AU med kort frist. Dersom ingen tilbakemelding, kan det oversendast organisasjonssjef .

9 **Eventuelt**

Olav Håkon stilte spørsmål om kva vi ynskjer med Midt-Norsk Samarbeidsråd.

Innspel/kommentarar:

- Samordne politikarkontakt mellom organisasjonane, vere meir systematisk
- Positivt at dette vert drøfta og samordna i samarbeidsrådet, unngår slitasje på politikarane med påverknad frå mange.
- Sentrale politikarar er også lokale politikarar, der dei gjerne vil vere synlege. Difor også viktig med regional og lokal påverknad. Må systematiserast.
- Ynskjer klare signal frå styret på roller og handlingsrom.

Det har kome invitasjon til fusjonsårsmøte i 4H Trøndelag, og årsmøte i Studieforbundet Næring og Samfunn. Det vert ikkje prioritert representasjon på dette.

Evaluering:

- Vere litt meir konkret, få faktabakgrunn som orientering i AU-møta
- Spent på møta framover, med tlf møter.
- Orienteringsmøter med korte kommentarar på tlf. Saker til diskusjon må takast fysisk.